

BLAD

Returadresse:
Kyrkjebakken
Austrheimsvegen 1262
5943 Austrheim

Bygdetreff

Høyrest ikkje det triveleg ut ?


Me startar opp igjen bygdetreff på Kyrkjelydshuset siste onsdag i månadene framover frå klokka 11.00 - 13.00.

Dette er eit tiltak for alle i kommunen som har høve til å samlast til ei lita formiddagsstund. Her vert det rom for god prat og latter over ein kopp kaffi, noko å bita i og kanskje ein liten quiz.
Du er hjarteleg velkommen!

Set av datoен med ein gong.
Diakoninemnda i kyrkjelyden.



Kyrkjebakken nr. 6 – 2022 – august – nytt stoff innan 15. september



KYRKJE BAKKEN
Informasjonsblad for Austrheim sokn



Treng du skyss for å kome
deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret
tlf. 56 16 72 90 (for fredag kl. 14)
Bodil Monslaup 414 57 215
Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90,
eller Edvard Bjerkestrand 46922638

Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 72 90
E-post: post.austrheim@kyrkja.no
www.austrheimkyrkja.no

Kontortider:
Sokneprest:Trefftid etter avtale
Kyrkjeverje:

Bustadtelefonar:
Sokneprest Rune Minde 906 95 377
Kyrkjeverje Leif Arne Økland 40 06 52 31
Organist og
kyrkjelydspedagog
Jostein Hauge 40 46 62 11
Kyrkjeterar Gry Haukeland 41 30 85 58
Soknerådsleiar
Helge Dyrkolbotn 41 66 26 10

Redaksjonen
Epost kyrkjebakken:
kb.austrheim@kyrkja.no

Utgjevar: Austrheim sokneråd
Redaktør: Jostein Hauge,
Redaksjon: Jorunn Kårdal,
Britt Rebnord,
Leif Arne Økland.

Adresse: 5943 Austrheim
Trykk og Design Trykk-Service as

Gudstenester

I A U S T R H E I M S O K N

Følg med på heimeside,
facebook og plakat for
eventuelle endringar.

Barnehelg 16-17 sept

Laurdag 17.sept kl. 17.00
konsert med Bjarte Leithaug og barnekor

Søndag 18.sept kl. 11.00
Gudsteneste

Søndag 18.sept kl. 18.00
Ungdomsgudsteneste på Fedje

Fredag 30.sept kl. 18.00
Gudsteneste for alle

Laurdag 01.okt kl. 14.00
Eldregudsteneste

Søndag 02.okt kl. 19.00
Gudsteneste

**Hjarteleg velkommen til alle
50-årskonfirmantar.**

**Dei som vart konfirmert i
Austrheim i 1972 vil få invitasjon
til gudsteneste med fest etterpå
søndag 23.oktober. Har du ikkje
fått invitasjonen, så ta kontakt
med kyrkjekontoret.**

Å byggje ein katedral

Har du hatt ein fin sommar?»

Dette er gjerne standarspørsmålet vi møter kvarandre med på ettersommaren. Eg veit ikkje korleis det er for deg, men for meg tar det ofte litt tid før eg kjem inn i den faste arbeidsrytmen.

Feriemodusen har lett for å henga i ei stund. Då kan det vera ganske tøft å møta utfordringa frå Jesus til å vera i aktivt arbeid. Direkte og radikal er Jesu form, både når det gjeld nåde og utfordring til å leva det gode liv: "Han lærte dei med mynde", står det i omtalen av hans form.

Ein stad brukar Jesus biletet med ein husbond som set hushaldaren sin til å styra over både eigedom og tenestefolk. «Kven er den kloke hushaldaren?» spør han....

Sjølv om biletet er noko fjernt frå vår samfunnsstruktur, er poenget ikkje til å ta feil av: Jesus minner oss om at livet vårt er noko som er meint til å brukast i eit positivt engasjement for Gud og våre medmenneske. Og ein dag må me gjera rekneskap for det.

Våre reaksjonar på Jesu radikale bodskap er heilt sikkert mange og ulike; dei fleste kjenner kanskje på negativt lada kjensler: frustrasjon, redsle, kanskje aggressjon eller apati: "hjelp, kva har eg å stilla opp med, med mitt ufullkome, ofte mislukka liv"? Kva vil Jesus oppnå med dette og liknande ord; kan dei og vera til inspirasjon?

Jesus syner jo oss her at han reknar med oss. Me har fått utdelt ressursar frå vår skapar og Gud. Me er ikkje berre "tråd"-dukker i eit stort teaterspel som berre mekanisk fylgjer rørslene frå den store teaterdirektør som trekker i trådane. OK, me er litt ulikt utrusta, men det veit og Gud om, og tek omsyn til: "den som har fått mykje, av han vert det venta mykje..."

Ein annan stad står det at Jesus kjenner kva som bur i menneska. Han veit at me er ufullkomne. Likevel vil han ha med oss å gjera. Gud satsar på det ufullkomne for å fullføra sin store visjon: at kvart menneske skal læra Gud å kjenna og å gje det gode liv til kvar den som tek imot han.

Mange kjenner sikkert historia om dei to murarane som sto og arbeidde saman. Ein forbipasserande spurde den eine av murarane kva han gjorde på. «Eg støyper og støyper, og plasserer ein murstein oppå ein annan murstein..» svara den første. «Og du då, kva held du på med?» spurde han den andre muraren. «Eg byggjer ein katedral!» var svaret.


Jesus vil syna oss at det er æveperspektiv over det du og eg gjer ut av livet. Og han satsar igjen og igjen på den som ærleg kjem til han, både med nederlag og sigrar. Velkommen til fellesskap med andre medkjemparar.

Rune Minde

LANDBRUKSDAGEN I AUSTRHEIM 22

**Laurdag 24.09.2022 kl 10.00 - 15,30
i og ved Austrheimhallen**

Vel møtt!



Min salme



Arven fra oppveksten min i et inkluderende, trygt og godt bedehusmiljø på Brandbu på Hadeland har preget livet mitt. Der var det mye sang og musikk, og mange av salmene jeg fikk med meg derfra har ligget i minnet som et vitnesbyrd og en påminnelse om at vi har en Gud og hans himmel over livene våre, noe som er der, som er varig, som er større enn oss selv.

Vissheten om dette har vært god å ha med seg når livet har fulgt veier som har vært litt kronglete.

I krig, sult og naturkatastrofer kan det være vanskelig å få øye på en allmektig, allestedsværende, god og kjærlig Gud, men gjennom mange av salmetekstene kan vi imidlertid se at han likevel er der.

Det er mange salmer jeg kunne valgt til «Min Salme», men framst i minnet, og en jeg ofte tenker på er; «Jeg er i Herrens hender». Salmen viser vei til en nærværende Gud som ser, trøster, tilgir, gir kraft og nåde, og som jeg kan lene og støtte meg til.

Det er ikke noe vi trenger å forstå, vi kan bare tro det.

Jeg er i Herrens hender
T Erling Tobiassen 1932,
O Ella Holm Bull 1990,
M Sigurd Lunde 1947

*1. Jeg er i Herrens hender
når dagen gryr i øst.
Hver morgen han meg sender
sitt ord med lys og trøst.
Hva dagen meg vil bringe
av glede og av savn,
jeg kan på bønnens vinge
få kraft i Jesu navn.*

*2. Jeg er i Herrens hender
i alt som med meg skjer.
I smil og gråt jeg kjenner
at Herren er meg nær.
Om jeg i dype daler
må gå den tunge vei,
fra himlens høye saler
hans øye følger meg.*

*3. Jeg er i Herrens hender
når dagen dør i vest.
Min synd jeg stilt bekjenner
for ham, min høye gjest.
Han gir meg himlens nåde
og setter englevakt,
for natten han vil råde
med hellig guddomsmakt.*

*4. Jeg er i Herrens hender
når dødens bud meg når.
Mens lyset stilt nedbrenner,
fra ham jeg hilser får.
Han gir meg stav i hånde,
han gir meg trøst i sinn,
og glemt er ve og vände
på vei til himlen inn.*

BIBLIOTEKET - OPNINGSTIDER



Tysdag 10-15
Onsdag 14-19
Fredag 10-15

FONNES FILIAL

Filialen er open for publikum torsdagar

14 - 16.30.

Fonnes filial sine opningstider følgjer elles skuleruta, og vil vera stengt i skulen sine feriar.

*Følg oss gjerne
på facebook*

God bok



LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege 113 heile døgeret.

Legevakt 116117

AUSTRHEIM LEGEKONTOR

Tlf. 56 16 82 00
Opningstider for publikum:
kl.08.30 - 15.00.
Telefontid: 08.30 - 12.00 og
13.00 - 15.00.
Torsdag er telefontida frå kl. 09.30

INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!

ÅRÅS HELSESTASJONEN

Åpningstider for publikum:
kl 08.30- 15.00
Helsesøster tlf. 56 16 82 11
Jordmor:
tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)
Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

TELEFONNUMMER I PLEIE OG OMSORG.

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen
/kjøkken: 56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23

Forvaltningskontoret :
56162142/56162138»

AUSTRHEIM KVINNE- OG FAMILIELAG (Austrheim husmorlag) - 70 år

Hva har vi drevet med gjennom 70 år foruten
å møtes en gang i måneden?

Austrheim husmorlag ble startet i 1952. Den første og største saken var nok arbeidet med å få et gamlehjem. Det ble holdt basarer for å skaffe penger, og kommunen ble «plaget» for å få startet arbeidet. Siste basar var i 1965, og da ble det overlevert rundt 30 000 kroner som laget hadde samlet inn gjennom årene.

Siden har Nordliheimen fått gaver når det har vært utbygging, blant annet bilder på veggen på dementavdelingen. Ellers har det blitt litt utstyr både til kjøkken og stue, og vi var medgiver til sykkelen som Rotary-klubben tok initiativet til.

Nå får Nordliheimen fast tre blomsterdekorasjoner til Jul og Påske.

For de eldre:
I mange år arrangerte vi adventsfest for de over 60, en hyggestund med god mat og litt underholdning av ulikt slag.



For voksne:

Det har vært ulike kurs opp igjennom årene, blant annet lesekurs og akvarellkurs. Typisk nok kom avisens besøk den gang det var to menn som hadde meldt seg på lesekurset.

For barn:

Bakekurs for barn var veldig populært, og en god del austrheiminger/folk i Austrheim har diplom derfra. Julegaveverksted før jul var også populære tiltak.

5–6-årsklubben var et populært tiltak før det kom barnehage i Austrheim. Den var én ettermiddag i uken på Kanserdalen Skule, og vi hadde den

også en tid etter at Årås barnehage ble opprettet, da i deres lokaler. Husmorlaget arrangerte også andre ting, blant annet julefest og lysfest.

Økonomi:

Julemessen ble for første gang arrangert i 1956 og siste gang i 2019. I 2020 var pandemien kommet over oss og det var ikke lov å arrangere noe. Julemessen samlet jo en tettpakket sal på Samfunnshuset. Overskuddet fra julemessen og loddsgalg har blitt gitt tilbake til bygden i form av gaver, støtte og tilskudd. Overskuddet har blant annet gått til dette:

- Vi ga økonomisk bidrag da LHL i Austrheim ville gi en hjertestarter.
- Nye barnehager og skoler har fått ulike gaver med jevne mellomrom.
- Soknerådet har fått støtte til 4 årsbøker, og til kirkejubileum.
- Kyrkjelydshuset har fått kjøkkenutstyr.
- 6. klasse på Årås skule har fått støtte til revy på 17.mai.
- 10. klasse har fått tilskudd til 16.mai-arrangementet.
- Helsesøster har fått vekter som kan stå på skolene.
- Legekontoret har fått ulike gaver.
- Utsmykningsgave til det nye kommunehuset.

Da laget ble startet i 1952 var det mange medlemmer. I årenes løp har det kommet nye til og noen har sluttet. I de siste årene har det ikke blitt noen økning i medlemstallet, så nå er vi 5 medlemmer.

Husmorlaget ble spurt om å være med å støtte samfunnshuset da det skulle oppgraderes, og laget hadde store diskusjoner for og imot. Det endte med støtte, og mange medlemmer sluttet i protest. Vi eide andeler i samfunnshuset helt fram til 2021. Andelene våre ble overdratt til Arbeiderpartiet, da vi innså at vi var blitt for få medlemmer og for «gamle» til å gjøre dugnad.

Husmorlaget sin bok «Kånelåten», ble flittig skrevet i før. Det er en bok der medlemmer blant annet har skrevet om hvordan laget skulle drives, og hva pengene skulle brukes til. Ved å lese boken får man et inntrykk av hvordan ting har endret seg siden 1952. Blant annet var møtene på det gamle kommunehuset, og medlemmene måtte selv ta med alt av utstyr til møtene hjemmefra.

Vi ønsker å takke bygdefolket for deres støtte gjennom loddkjøp og kjøp på julemessene. Dette har bidratt til at laget har kunnet gi støtte til gode formål for bygden.

Gro Johannessen, lagleder.

Gratulerer



Austrheim sokn

Mange takk

Mange takk til diakoninemnda for oppmerksomheten på min 80 årsdag, og til Aud som kom med den.

Helsing Osvald Nesbø

Hjertelig takk

til diakoninemnda ved Britt for oppmerksomheten på min 83-årsdag.

Hilsen Kåre Nordby.

Mange takk

til diakoninemnda for oppmerksomheten på min 86-årsdag, og til Målfrid som kom med den.

Helsing Gustav Lunde



Hjarteleg takk

til Austrheim kommune ved Per Lerøy for fine gåver og middag i Kilstraumen i anledning våre 100-årsdagar.

Beste helsing Gina og Nora



Tusen takk

til diakoninemnda for overaskande hjarter i anledning 90-årsdagen! Takk til Torunn Karlsen som kom med helsinga og hadde tid til ein god prat.

Helsing Aud Lunde

Hjarteleg takk

for deltaking , gode ord og blomster ved vår kjære mor Astrid Susanne Skoge sin bortgang.

Helsing Leif og Steinar m/familier

Hjarteleg takk

For alle blomsterhelsingar og gode ord ved vår kjære Einar Langøy sin bortgang.
Ei stor takk til heimesjukepleien, de er fantastiske. Takk til kreftkoordinator Tove Kristin Sleire Tistel og lege Jarle Gallefoss for all god hjelp og støtte.

Takk til Vatne Begravelsesbyrå, prest Rune Minde og Amelie for nydeleg sang.

Hjarteleg takk

for all omtanke, deltaking og blomsterhelsingar ved vår kjære Norvald Austrheim sin bortgang. Vil takke presten Rune Minde og Vatne begravelsesbyrå for ein fin seremoni. Takk til Nordliheimen for god pleie og omsorg.

Venleg helsing familien.

Døypte

14.08: Ylva Vikene Fernandez
Emma Tresvik Solberg

31.07: Linnea Catherine Safaya James

30.07: Magnus Sanden Vetterli

05.06: Liam Gullaksen
Tiril Sognefest

Gravferd

31.05 Odd Asbjørn Bergsvik f.1925

10.06 Reidun Berly Hopand f.1938

14.06 Astri Utkilen f.1966

27.06 Norvald Austrheim f.1947

28.07 Gerd Petra Nyheim f.1932

Hjarteleg takk

for medkjensla då vår kjære far Odd Asbjørn Bergsvik døydde. Takk til heimesjukepleien, lækjar Gallefoss og særskilt personalet på Nordliheimen i livets siste fase. Takk for blomehelsingar og 9850 kroner til Redningsselskapet. Det vart ei fin og verdig gravferd.

Beste helsing Svend-Otto og Eli

ELDRÉDAGEN

Lørdag 1. oktober 2022

Austrheim Eldreråd inviterer alle pensjonistar m/ følgje til markering av Eldredagen 01.10.22

Gudsteneste i Austrheim Kyrkje kl. 14.00
Festsamvær i Austrheim Samfunnshus kl. 15.00

UNDERHOLDNING OG MIDDAG

Bindande påmelding til Austrheim kommune,
servicekontoret tlf. 56 16 20 00
frist 20. september - Pris: Kr 300,-

Meld frå om du treng skyss,
gjerne også om du har noko form for matallergi.

Velkommen!

Austrheim Pensjonistlag

AUSTRHEIM PENSJONISTLAG INVITERER TIL TUR TIL HELLA
SKULESTOVE ONSDAG 14. SEPTEMBER 2022.

Det vert god raspeballmiddag, ord for dagen, kaffe og noko attåt.

Middag vert kl. 13.00. Pris kr. 370,-. Turen er open for andre enn medlemmer.

Påmelding til Anne Margrete Hopland, tlf. 47835333 eller
Sigfrid Øksnes tlf. 45266634 innan 7. september.

Transport med privatbilar frå Mastrevik Torg.

Vel møtt.



Glimt frå kyrkjelivet

Det er heldigvis mykje som går føre for seg i Austrheimkyrkja, og det er me veldig takksame for. Det er mange frivillige som er med og lagar til gudsteneste og andre arrangement og som gjer at det er ei levande kyrkje. Diakoninemnda og Gudsteneste for alle nemnda er to grupper med frivillige som gjer ein kjempegod jobb. Dei gjer ein innsats for at andre skal få det kjekt og ha det bra. Like før sommaren hadde me Gudsteneste for alle. Som vanleg er det mange som vert involvert i gudstenesta, og på biletet ser du gjengen som hjelper Rune prest med å ha preik. Det er eit godt felleskap, og det er alltid kyrkjekaffi etterpå med masse god mat.

Ein annan ting som vart arrangert var sommarfesten til diakoninemnda. Vel 40 hadde møtt opp, og me hadde ei koseleg stund saman. Tusenkunstnaren Kjell Bergsvik hadde ord for dagen. Som så mange gonger før var det Kurt Hatten som underheldt med song og musikk og gode historier. Han og Kjell passa godt saman. Kjell spelte saksofon, munnsespel, piano og ikkje minst spelte han Edelweiss på sag. Det var artig å høyr. Også i år var menyen rømmegrøt, kaffi og lefser. Ein fin ettermiddag/kveld med allsong og moro.



I løpet av sommaren har du kanskje sett at det har stått skilt med «open kyrkje» utanfor kyrkja torsdag – søndag. Her har ein flott gjeng med frivillige tatt i mot både lokale og turistar, og frå innland og utland. Dei har fått med seg ei brosjyre som vart laga til dette, og fått ein omvisning i kyrkja. Det er kjekt å få vise fram kyrkja som me er så stolt over.

Seinare på sommaren hadde me det årlege samarbeidet med Fonne dagane der det vart arrangert utegudsteneste i Årvikane. Det var ein strålende sommardag, og det var to barn som var døypt. Ei flott gudsteneste der mange frivillige var med og gjorde det til ein flott dag og til ei levande kyrkje.



Også i år blir det arrangert barnehelg i Austrheimkyrkja.
Fredag 16.sept og laurdag 17.sept

Følg med for informasjon på heimesidene våre, facebook og plakat



I år inviterer vi til å bli med å lage konsert med
Bjarte Leithaug laurdag 17.sept.

Her øver vi inn songar kl. 15 og har konsert kl. 17

Dette blir kjempekjekt!!



Vi leverer mat til alle anledninger,
der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldt bord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

Knüter
CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | www.knuter catering.no

DIN RØRLEgger I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!
Når kvalitet og service teller



MINI FRISØRSALONG

ønsker velkommen
til gamle og nye kunder.
Vi treffes på Åråshøgda 10.

Timebestilling:
Mandag, Tirsdag, Torsdag og Fredag.
Onsdag er stengt
Telefon 56 16 92 00 / 95 21 46 16

Alla Kurinna og Rieko



Utfører vasking,
rensing
og oppattmaling

Gunnar Nilsen 414 39 887



Panasonic
Varmepumper

5937 BØVÅGEN

Mob. 481 31 534

byggboe@online.no




Vi kan hjelpe til
med rådgivning
og tilrettelegging
ved begravelser
og bisettelser.

Ring døgnvakt:
56 35 09 10
www.vatne-byra.no
Kvassnesvegen 11
5914 Isdalsbø

Gravminner

Norsk design og produksjon.
Se utvalg på: www.ostenstein.no
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87



Misjonskveld med loddsal, gevinster og kveldsmat

Å høre på Frode Brügger Sætre når han fortel om misjonsarbeidet han er med på i Mali kan ein ikkje anna enn å bli gripen og djupt imponert. Frode fortel så levande og aktuelt om stoda i dette fattige landet i Afrika, om styresett, indre konfliktar og uro. Anledningen er temakvelden som misjonsforeninga Kjerringrokken arrangerte på Kyrkjelydshuset 22.august.

Misjonsforeninga samler, pengar til misjonsprosjektet til NMS som Frode er ein del av. Innsamlinga vert gjort saman med kyrkjelyden i Austrheim. I tillegg til å høyrå på Frode kunne dei ca 30 frammøtte kjøpe lodd og vera med på trenking av loddbøker. Og ikkje minst så vart det tid til eit god måltid kveldsmat saman.

Frode fortel om eit arbeid i misjonen som er givande og ber frukter. Han har vore i Mali som utsending for Det Norske Misjonsselskap sidan 2008. Han var heime

ein periode under koronaen, men reiste til Guinea for å jobbe vidare blant fulanarane. På grunn av den usikre og utrygge situasjonen inne i Mali har Frode vore med å etablere ein retreatstad i Guinea for kristne frå Mali der opplæring, bøn, fellesskap, kvile og opplæring i moderne kudrift er sentrale stikkord. Frode kunne fortelja at «me har nokre kyr» når han snakka om omlegging til moderne kudrift og korleis dette kunne gjerast meir lønsomt for bøndene

Frode fekk på slutten spørsmål om han kjenner seg trygg i Guinea, og han seier at det gjer han. «Me har det kjekt saman, men har heile tida i bakhovudet at det ikkje er heilt trygt».

Takk til Kjerringrokken og takk til Frode Brügger Sætre for ein flott og meiningsfull kveld.



Du kan stole på at vi i Bosch Car Service kan ta hånd om din bil.

Vi utfører alltid service og vedlikehold i tråd med bilprodusentens spesifikasjoner. Derfor beholder du fabrikkgarantien på bilen når du får utført service hos oss.

Spør oss gjerne om mer informasjon.



Fosnøy Bilsenter

Tlf: 56 16 75 50



For everything your car needs.

Muren rundt kolerakyrkjegården

Dette har blitt skrive om i eit tidlegare nummer av Kyrkjabakken.

Kolerakyrkjegården er i Austrheim sokn sitt eige og er eit verneverdig kulturmiljø. På soknet sin økonomiplan har vi planlagt restaurering av den gamle muren rundt kolerakyrkjegården i 2022. Med vår tids korona-epidemi i minne set det arbeidet med kyrkjegården i perspektiv og gjev oss påminningar om at slike utbrot er ein del av livet.

Denne gravplassen på ca 900 m² frå midten av 1800 talet, ligg lett synleg ved vegen i rundkøringa på Austrheim der ein kan ta av til Fedje. Dei siste par åra har vi fått ein utglidingsskade i muren som er lett synleg frå vegen.

Soknet engasjerte Haakon Aase til å lage ein analyse av reparasjonsbehovet på muren. Han har laga eit godt grunnlagsdokument som vi har nytta når vi no har landa på kven som har fått tilslaget på å utføre dette arbeidet. Analysen har avdekkat eit omfattande rehabiliteringsbehov og langt meir enn det ein kunne sjå for seg ved første augnekast. Muren har fleire svake punkt, som treng rehabilitering. Det er parti som har begynt å gli ut og såleis lagar ein sving på muren. Andre delar av muren har mista stein, enten ved at den har ramla ut eller rett og slett har blitt fjerna fysisk. Muren har blant anna av den grunn ulik høgde. Her vil det vera behov for å rive ned, for så å bygge opp igjen. Og vi vil også ha behov for å få tilført Stein.

Gråsteinsmuren består av stein med ulik kvalitet og utforming og er konstruert som ein kistemur, altså to murar som både kviler på kvarandre og er bundet saman med tverrband. Det er all grunn til å tru at denne steinen er lokal og har blitt henta frå nærområdet. Eit synleg trekk er at partiet mot sør, (mot rundkjøringa) er langt finare murt enn til dømes partiet mot nord. Her kan ein kun spekulere i kvifor, men ei forklaring kan være at ein gjekk tom for finare stein, eller at ein ønskte seg ein meir forsegjort del ved inngangen til kyrkjegården.

Gravplassen kan ha blitt oppført i fleire

etappar, og kan ha blitt oppført i raskt tempo for å møte krava om at dei avdøyde frå koleraepidemien måtte gravlagt på eigne gravplassar eit stykke unna kyrkjebygget. Soknerådet har bestemt seg for å gje oppdraget til natursteinsmur Jan Hopland. Vi får dermed ein lokal fagmann til å stå for arbeidet. Soknerådet har gjort ei heilsapsvurdering av tilboda som låg på bordet og er overtydd om at vi har landa på den optimale løsinga. Soknerådet innleier også eit samarbeid med sogelaget, for å få inn ein samarbeidspart til, slik at det vert lettare å søke om eksterne midlar til prosjektet.

Jan Hopland kjenner me også som sivilingeniør, coach og tidlegare festivalleiar. Han er busett på Hopland og driv sitt eige føretak med natursteinsmuring og anleggsgartneriarvirksomheit.

«Eg takkar Austrheim Sokn for oppdraget og ser med spaning frem til arbeidet. Via nokre lange omveier fann omsider natursteinsmuren og eg i lag! Sidan den spede oppstarten i 2013 har eg lagt på plass nokre tusen kvadrat med stein, både med maskin og for hand. Eg har lært og blitt inspirert av erfarte folk i bransjen og etterkvert utvikla min eigen stil og kunnskap om natursteinsmuring. Å arbeide med stein kan vere særslig givande for kropp og sjel anten det er nysprengd eller gammal stein!

Ved eit slikt restaureringsprosjekt som Kolerakyrkjegården, der ein manglar fotodokumentasjon, lyt ein spørje seg om det ein ser i dag alltid har vore slik eller blitt endra gjennom tidene. Nokre parti har blitt utsett for utsprenging frå roter, andre stader har grunnen gitt etter anten frå tyngre maskinar eller erosjon. Det vil vera svært ressurskrevjande å rette opp alle parti på murane, og då til kva for ein standard? Eg har laga eit forslag til utbetring der ein prioritærer partia som er skadde og dernest dei som kan kome til å bli skadde i den nærmeste tida. Nokre parti som truleg har blitt skadde, lyt stå omtrent som dei er. Men ved å gjere mindre «kosmetiske» rettingar vil muren

framstå meir «heil» og vedlikehalden. Vegen vert til mens ein går, og spenninga er kor mykje ein får utbeta innan dei økonomiske rammene ein har til rådvelde. Det som er spennende med ein tørrmur er at den kan demonterast og setjast opptatt ved bruk av same steinen, om enn lagt på ein annan måte. Eg trur ein lyt tilføra meir stein, og då må ein ikkje bruka nysprengd stein frå eit brudd langt vekke. Er det nokon i soknet som har stein med «patina» ein ikkje har for sterkt eierskap til, så er me interesserte at du tek kontakt med oss!

Ved muring med høge krav til utsjånad brukar eg både meterstokk, laser og vater.

På kyrkjegården får alt dette liggje att og arbeidet går då raskare. Å forme og leggje stein på stein er til tider eit tungt arbeid. I arbeidet på kyrkjegården har eg tenkt at det vil kreva minimum to personar det meste av tida.

Eg held kurs i natursteinsmuring men også ein-til-ein opplæring. Då produserar me, kunden

og eg, samstundes som han eller ho (ofte har hoane vel så godt blikk for steinen!) får direkte opplæring. Dette har eg foreslått at ein kan gjera i arbeidet med kyrkjegården.»

Me har ein plan om at arbeidet skal starta i midten av september.

Altså:

- Har du gammal og patinert stein liggande som du kan tenkja deg å donera til prosjektet?
- Kan du tenkja deg å gjera noko dugnad sarbeid?

Ta kontakt med kyrkjeverje
Leif Arne Økland på
tlf 400 65 231 eller
epost lo799@kyrkja.no om kva du ønskjer å bidra med.
Så tek Jan Hopland ein prat med deg.

Jan Hopland og Leif Arne Økland (i samspel)



ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY,
MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDTBORD

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 948 53 975
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: WWW.KILSTRAUMEN.COM



BASAR

23.10.22

Eierlagene av
Samfunnshuset arrangerer
basar på Samfunnshuset

søndag 23.oktober om
ettermiddagen.



Vel møtt!



Illustrasjonsfoto

Gla'sang i
Nordhordland

Bli med på tv- opptak til Bedehuskanalen

Konglevoll bedehus 7.september
Leirvåg bedehus 21.september
Eknes bedehus/KRIO 5.oktober
Betania Knarvik 19.oktober
Frekhaug bedehus 2.november

Talar: Johnn Hardang
Musikk: Koret Hatikva og
lokale sangkrefter

Klokka 19.00
Møt i god tid før opptak

Bedehuskanalen

Bufetat

Kan du hjelpe eit barn eller ein ungdom som har det vanskeleg?
No er det behov for fleire fosterheimar i ditt nærområde.

Den norske kyrkja samarbeidet med Fosterheimstenesta i Bergen om å finne fosterheimar i kyrkjelydane.

Meir informasjon om fosterheim på fosterheim.no

LERVÅG BEDEHUS

Velkommen til møter

4. september kl. 11
Øyvind Heggernes talar

18. september kl.11
Geir Talberg talar

21. september
Sangmøte, sjå eigen annonse

2. oktober kl. 11
Daniel Heimstad talar

UNGDOMSKVELD

Annakvar fredag
Oppstart 2.
september kl.1930



7. klasse og eldre
Gratis bowling, snacks og andakt

Royal Rangers Austrheim

- * For 3.-7. klasse
- * Annakvar tirsdag 17-1830
- * Leirplass i Lervågen
- * Aktivitetar ute, andakt og matbit

VIL DU GÅ PÅ SPEIDAR?

Kontakt:
Eva Neteland 41387974